

Signeringsinformasjon

Side 1/1



Protokoll: Osterøy sokneråd torsdag 04. desember 2025

Navn	Signert med	Tidspunkt
Bjarte Hammer Aarland	BankID OIDC High	2025-12-10 15:25:20
Kari Vevle Reigstad	BankID OIDC High	2025-12-09 12:31:05



Dette dokumentet er elektronisk forseglet og inneholder elektroniske signaturer

Møteprotokoll

Råd: Osterøy sokneråd

Dato og tid: 04.12.2025, 17:00

Stad: Kyrkjesenteret i Lonevåg

Saksmappe: OS2025-68

Til stades: Bjarte Aarland (leiar), Kari Vevle Reigstad (Nestleiar), Anne Cecilie Skeidsvoll (Medlem), Evy Bysheim Pedersen (Medlem), Jan Roald Myking (Medlem), Kristin-Merete Nøttveit (Medlem), Liv Rivenes (Medlem), Magne Roald Vikne (Medlem), Miriam Skjelvik Kalland (Medlem), Sigmund Faugstad (Andre innkalte)

Forfall: Otto Mo (Medlem)

Protokollfører: Linda Gripsgård Lunga

Anne-Mari Bardsley var kalla inn som vara for Otto Mo, men melde avbud same dag.

Sakslista

Faste Saker

045/25 FR - Godkjenning av protokoll frå møte 30.10.25

046/25 FR- Godkjenning av innkalling og saksliste

Møtesaker

047/25 FR - 10 års revisjon av vatntåkeanlegg i Hamre kyrkje

048/25 FR - Førebels reparasjon av spir på Hosanger kyrkje

049/25 FR - Kaldkompostbinge på Gjerstad kyrkjegard

050/25 FR- Møtedatoar første halvdel i 2026

051/25 SR - Reglement for utleige av kyrkjene på Osterøy

052/25 SR - Vidare arbeid med gjevarteneste på Osterøy

053/25 SR - Takkofferformål i 2026

054/25 FR - Val av leiar og nestleiar for 2026

Orienteringssaker

00021 Kyrkjebladet og økonomi

00022 Tinglysing av skjøte på Hamre og andre eigedomar på Osterøy

00023 Vidare permisjon for kyrkjegardsarbeidar Oddvar Høgli

00024 Varmeomnar i koret i Hamre kyrkje

00025 Robotgrasklypparar på kyrkjegardane

Kari Vevle Reigstad
Nestleiar

Bjarte Aarland
leiar

045/25 FR - Godkjenning av protokoll frå møte 30.10.25

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	04.12.2025	045/25

Saksframlegg

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 30.10.25.

Møtebehandling

Vedtak

Godkjent.

046/25 FR- Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	04.12.2025	046/25

Saksframlegg

Godkjenning av innkalling og saksliste.

Møtebehandling

Ein ekstra sak.

Val av leiar og nestleiar.

Vedtak

Godkjent med ein ekstra fellesrådssak.

047/25 FR - 10 års revisjon av vatntåkeanlegg i Hamre kyrkje

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	04.12.2025	047/25

Saksframlegg

Vatntåkeanlegget i Hamre kyrkje må totaloverhalast iht 10 års-kontrollen. Vedlagt er en budsjettpris, og dei vil fakturere for dei faktiske arbeidstimane. Sidan anlegget må totaloverhålast iht 10-årskontrollen, er det ikkje mogleg å forutseie kva for ytterligare manglar som vil bli funne. Prisane for resertifisering av trykkflaskane er reelle.

Forslag til vedtak

Osterøy sokn søker Osterøy kommune om midlar til oppdateringa.

Møtebehandling

Kan det vere andre firma enn Proceed som kan gjere denne jobben? Proceed sitt tilbud er dyrt og inneber reisetillegg og hotell. Kan til dømes Akasia gjere jobben billigare? Vi sjekker ut priser med andre og tek saka om korleis dette skal finansierast vidare derifrå.

Vedtak

Soknerådet ber kyrkjeverja sjekke om det er andre firma som kan gjere denne jobben billigare.

048/25 FR - Førebels reparasjon av spir på Hosanger kyrkje

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	04.12.2025	048/25

Saksframlegg

Arve Mjøs har vore på synfaring i tårnet i Hosanger kyrkje. Han har sagt at det hastar å utbetre skada og oppfordrer til å raskt gjere ein førebels reparasjon. Kyrkjeverja har bedt om pris på dette. Per dags dato har eg ikkje mottatt den, men har purra på den i dag. Reknar med at den vert ettersendt før møte på torsdag.

Møtebehandling

Viser til telefonsamtale med Arve Mjøs i dag, 4. desember. Hans tilbod er kr 20 000,- inkl. mva. for å inspisere tårnet med kranbil m/korg. Dei kan også fikse små hol i koparen.

Er det betre å setje opp stilas med ein gong og få ein pris på jobben etterpå? Magne Vikne vil ringe Arve Mjøs frå Bygg Bernes og høyre om vi skal gå for ei synfaring med kranbil eller setje i gong med å få opp stilas.

Vedtak

Magne Vikne vil sjekke ut kva det vil koste å montere stilas med ein gong, i stadenfor ei synfaring av lekkasjen.

049/25 FR - Kaldkompostbinge på Gjerstad kyrkjegard

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	04.12.2025	049/25

Saksframlegg

Tidlegare har Gjerstad sokneråd handtert kaldkompostbingen på kyrkjegarden. Dei har tidlegare etterspurt kva som skal skje med den i Osterøy sokn.

Forslag til vedtak

Ved oppretting av diakoniutval for Osterøy sokn og ønskje om å vere ei Grøn kyrkjelyd kan dette vere ei av oppgåvene til diakoniutvalet.

Møtebehandling

Det første vi må ha er eit diakoniutval. Utvalet kan bestå av ei blanding av folk frå soknerådet og frivillige. To stk har allerede sagt at dei kan tenkje seg å være med. Vi tar opp saka om opprettelse av diakoniutval i det første møte i januar 2026.

Diakoniplanen ligg ute på "Kirka vår".

Vedtak

Ved oppretting av diakoniutval for Osterøy sokn og ønskje om å vere ei Grøn kyrkjelyd kan dette vere ei av oppgåvene til diakoniutvalet.

050/25 FR- Møtedatoar første halvdel i 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	04.12.2025	050/25

Saksframlegg

Forslag til møtedatoar første halvdel i 2026:

Torsdag 29. januar.

Torsdag 12. mars.

Torsdag 23. april.

Torsdag 14. juni.

Alle møtene er frå kl 17-21.

Møtebehandling

14.juni er ein søndag. Vi endrar den til torsdag 4.juni.

Vedtak

Møtedatoar i 2026 første halvår vert desse dagane:

Torsdag 29. januar.

Torsdag 12. mars.

Torsdag 23. april.

Torsdag 4.juni.

Tidspunkt: Kl 17-21.

051/25 SR - Reglement for utleige av kyrkjene på Osterøy

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	04.12.2025	051/25

Saksframlegg

Kyrkjeverja har utarbeida eit forslag til utleigereglement for kyrkjene på Osterøy. Dette ønskjer vi å sende til dei som leiger kyrkjene til konsertar o.l og har tidlegare vore etterlyst. Dette skapar ein tryggleik både for leigetakar og utleigar.

Forslag til vedtak

Soknerådet vedtek utleigereglementet slik det ligg føre.

Møtebehandling

Endre "flytting av piano" til "flytting av inventar".

Er "lokale aktørar" kyrkjeutval? Vi tenkjer ikkje at dei er det. Vi må unngå at det vert for mange konsertar i kyrkjene på omlag same tida. For å unngå dette skal vi ha møte med dei ulike aktørane som skal ha konsertar i januar. Eit eige kyrkjemusikkutval skal kunne gjere at vi slepp dette.

Sak om soknerådet kan bistå inn i store konsertar i Hosanger vert sak på møte i januar 2026.

Vi høyrer utleigeprisane for kyrkjene:

Minimumpris for lokale aktørar endres frå kr 2000,- til kr 3000,-.

Minimumpris for utanbygds aktørar endres frå kr 3000,- til 4000,-.

Vielser endres til 4000,-.

Plateopptak endres til 4000,-.

Vedtak

Reglementet vert vedteke med endring av "flytting av inventar" og utleigeprisane til vigsel, plateopptak og konsertar går opp 1000,- kr.

052/25 SR - Vidare arbeid med gjevarteneste på Osterøy

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	04.12.2025	052/25

Saksframlegg

Osterøy sokn ønskjer å starte opp med gjevarteneste. Vi treng å lage brosjyrer med opplysningar om kva vi brenn for i arbeidet vårt på Osterøy og oppfølging av dette. Til dette er det eit arbeid som vi må gjere saman. Det er ønskjeleg med ein gjevartenestekomité. Frivillige i frå soknerådet saman med kyrkjevevje og sokneprest kan utgjere ein slik komité.

Forslag til vedtak

Soknerådet spør Anne Cecilie Skeidsvoll og Kari Vevle Reigstad om dei kan vere del av ein slik komité.

Vedtak

Anne Cecilie Skeidsvoll og Kari Vevle Reigstad seier seg positive til å vere med i ein slik komité.

053/25 SR - Takkofferformål i 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	04.12.2025	053/25

Saksframlegg

Vedlagt er skjema for offerfordelinga i 2025. Ønskjer soknerådet å gjere endringar eller fortsetje med det same som i 2025?

Forslag til vedtak

Soknerådet vel å fortsetje med den same offerfordelinga i 2026 som i 2025.

Møtebehandling

Viktig å få litt informasjon om takkofferet til kyrkjelydsarbeidet i gudstenestene.

KRIK vil kanskje startast opp igjen på nyåret.

Takkofferet til kyrkjehelsing endres til kyrkjebladet.

Vedtak

Takkoffera frå 2025 fortset i 2026, med endring av kyrkjehelsing til kyrkjebladet.

054/25 FR - Val av leiar og nestleiar for 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	04.12.2025	054/25

Saksframlegg

Leiar for 2026 vert Bjarte Aarland. Nestleiar vert Kari Vevle Reigstad.

Vedtak

Leiar for 2026 vert Bjarte Aarland. Nestleiar vert Kari Vevle Reigstad.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.12.2025	00021

00021 Kyrkjebladet og økonomi

Informasjon

Det har dessverre vist seg at å gå tilbake fra tabloidformat på avisepapir til det gamle oppsettet med blad i A4 på 90 gr papir, blir en del dyrere enn det som var budsjettet.

Trykkeriet vi benyttet her i Bergensregionen til de første numrene eksisterer ikke lenger og forrige nummer av bladet ble trykket hos leverandør i Oslo. Alternative trykkerier i Bergensområdet hadde dårligere tilbud enn leverandøren som ble valgt.

Dette medfører vesentlig høyere fraktkostnader (rundt kr 6000 pr utgivelse) og det har antageligvis vært en misforståelse angående mva da vi fikk priser fra trykkeriet. Prisene er oppgitt eks mva og tallet som ble brukt ved budsjettering er dessverre nettoppris.

2024:

I 2024 ble det kun utgitt to numre og dette medførte et **overskudd på kr 28.792** basert på kontingentinnbetalinger på **kr 100.000**.

2025:

I budsjettet for 2025 ble sum kontingentinnbetalinger fastsatt til **kr 90.000** og det ble budsjettet med et **underskudd på kr 22.660** som skulle dekkes av overskuddet fra 2024.

Men resultatet hittil i 2025 viser at vi har underdekning på i underkant av **kr 20.000** - forutsatt at vi får innbetalt det som nå er fakturert annonsørene.

Osterøy menighet sin andel av kostnadene er 23,35% og menigheten sin andel av underskuddet for 2025 blir da kr 4669 som vi dessverre ser oss nødt til å fakturere umiddelbart.

2026:

Ut fra det vi nå vet om trykkekostnadene har vi for 2026 beregnet at bladet trenger samlet kontingentinnbetaling på **kr 164.000**. Vi gjør oppmerksom på at det er Årsmøtet 2026 som skal vedta budsjett for neste år, men et foreløpig overslag ser slik ut:

BESKRIVELSE	BELØP
Trykking, 3 nummer A4 inklusive frakt og mva	-130 000,00
Grafisk arbeid	-15 000,00
Redaksjonelt arbeid, 3 nr á kr 10000.	-30 000,00
Avgift til Fiken Regnskap	-3 135,00
Tilføring kapital fra menighetene i 2026 - uten fratrekk for annonser.	164 000,00
Annonser	12 000,00
Bladpenger/gaver	2 500,00
Vipps-gebyr	-300,00
Budsjettet underskudd 2026	65,00

Osterøy menighet sin andel av kostnadene for 2026 er utfra prosentsatsen over beregnet til kr 38.288.

På tross av en stor kostnadsøkning mener styret for Felles menighetsblad fortsatt at menighetene er best tjent med en felles løsning og håper at de aktuelle menighetene er enige i dette.

Kostnaden av kyrkjebladet og problema rundt utgivelsen til jul gjer at vi vurderer ei anna løysing på bladet i 2026. Kan vi ha vårt eige "blad" på nettsida vår? Dette vert sak i januar 2026. Kyrkjeverja sjekker oppsigelsestida på noverande avtale.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.12.2025	00022

00022 Tinglysing av skjøte på Hamre og andre eigedomar på Osterøy

Informasjon

Tidlegare OVF, Opplysningsvesenets fond, har no blitt Allstad AS. I den samanheng vert eigedomar/skjøte tinglyst og tilbakeført til sokna. Det er no klart at Hamre kyrkje er overført til Osterøy sokn. Allstad jobbar med overføring av fleire eigedomar og vil i løpet av desember månad oversende fleire. Denne tilbakeføringa av eigedomane gjer vi saman med Helge Clausen, som er landmålar for Kart og oppmåling i Osterøy kommune.

Soknerådet ønskjer meir opplysningar om overføring av eigedomane i møte i januar.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.12.2025	00023

00023 Vidare permisjon for kyrkjegardsarbeidar Oddvar Høgli

Informasjon

Kyrkjegardsarbeidar Oddvar Høgli har i haust hatt full permisjon frå si 40% stilling. Han søker no om permisjon om ytterlegare eitt år. Administrasjonsutvalet har innfridd permisjon om eit halvt år, til 1.8.26. Permisjonstida vert ikkje forlenga etter det.

Finn Røsland har takka ja til 40% vikariatstilling frå 1.1.26 -1.8.26. Han mangler C1 i sitt sertifikat til å køyre lastebil med gravemaskin, men vil sjølv ta kostnaden med å utvide sitt sertifikat så raskt som mogleg.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.12.2025	00024

00024 Varmeomnar i koret i Hamre kyrkje

Informasjon

Kyrkjeverja hadde 28.oktober synfaring om omnane i koret i Hamre kyrkje. Saka vart purra på 21.november. Ina Aalborg Halvorsen, seniorrådgjevar i seksjon for kyrkjesaker, seier i sin e-post same dag at ho ventar på godkjenning frå leiar på dispensasjonsbrevet og håpar på svar i komande veke.

Svaret kom denne veka og søknaden er innvilga. Søknaden vart sendt til biskopen for hennar godkjenning same dag.

Bravida har fått bestilling på 4 frittståande omnar i grøn farge, etter oppgitte krav på form, farge og storleik.

Kyrkjeverja håpar på montering i løpet av desember månad.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	04.12.2025	00025

00025 Robotgrasklypparar på kyrkjegardane

Informasjon

Torsdag 27.nov. planlegg vi besøk av Steinsenteret Åsane Sand og Singel AS ved avd. Husqvarna vedrørende leige av robotgrasklypparar på Kyrkjegardane på Osterøy neste sesong. Kyrkjegardsarbeidar Sigurd Revheim, soknerådsmedlem Jan Roald Myking og kyrkjevevja deltek på møte.

Torsdag 4. des fekk vi eit skriftleg tilbod på leasing av robotgrasklypparar. Pristilbodet er kr 21190,- per mnd ekskl.mva.

Då er det ei bindingstid på 60 månader. Soknerådet ønskjer å gå for denne ordninga for alle kyrkjegardane på Osterøy frå sommaren 2026.

Soknerådet ønskjer ei oversikt over kostnaden for 2025 og for 2026 med dette tilbodet.

Protokoll: Osterøy sokneråd torsdag 04. desember 2025

Navn

Kari Vevle Reigstad

Dato

2025-12-09

Navn

Bjarte Hammer Aarland

Dato

2025-12-10

Identifikasjon



Kari Vevle Reigstad

Identifikasjon



Bjarte Hammer Aarland



Dette dokumentet inneholder elektroniske signaturer som bruker EU-kompatible PAdES - PDF Advanced Elektroniske signaturer (forordning (EU) nr. 910/2014 (eIDAS))